

Årsmelding Vassvøri sogelag 2015.

Laget er tilslutta Hordaland sogelag. Landslaget for Lokalhistorie og Landslaget for lokal- og Privatarkiv. Sogelaget held møta sine i heradshuset på Evanger.

Årsmøtet vart halde i heradsstyresalen i heradshuset på Evanger, søndag 22. mars kl. 16.00. Det var 16 frammøtte lagsmedlemar.

Leiar Grethe Finsrud Agerlie opna møtet og ynskte alle velkomne. Grethe sto for leiing og gjennomføring av møtet.

Møtet vart innleia med 1 minutt stille for lagsmedlem Magnhild Tufte som var gått bort.

Det var ingen merknader til innkallinga eller til rekneskapen.

Styret har i funksjonsperioden hatt 5 styremøte.

Sogelaget har hatt eitt aktivt år.

Vedlikehald. Arvid Herfindal har ført tilsyn og utført naudsynt vedlikehald på tavlene laget har ståande rundt om i grendene.

Laget har og tilsyn med Knute Nelson stova, her har det m.a. vore utført slåttearbeid rundt husa.

Bjørgadalsbrua. Seinsommaren 2014 kom det etter iherdig innsats frå sogelaget, på plass ny gangbru over Bjørgadalselva langt inne i Bjørgadalen. Men dei store snømengdene vinteren 2014/15 knekte sund brua.

Skal brua gjerast farbar att må ho byggjast opp att på nytt. Sogelaget har bestemt at så skal skje.

Arvid Herfindal har skaffa stokkar til ny bru. Grethe har snakka med Dag Bolstad i BKK vedkomande helikoptertransport. Og ho har vore i kontakt med einingsleiar Gunnar Bergo som lovar økonomisk stønad frå Voss kommune i storleik på ca. kr. 15.000,-

Evanger-laurdag 30. mai. Sogelaget ved Knut Mestad og Arvid Herfindal deltok med sal av sogeskrifter. Sogelaget nyttar og høvet denne dagen til å fremje meirsal av sogeskrifter ved å tilby alle tilgjengelege årgangar i samla pakke for kr. 1 000,-. Prisen er den same sjølv om kjøpar ikkje ynskjer enkeltårgangar i tilbodet.

Bolstad-boka. Som nemnt i årsmeldinga 2014 var ikkje boka å få kjøpt, og sogelaget hadde sett i gang ein prosess for å få trykt boka opp att på nytt. Ei rein restrykking og ikkje noko redigert utgåve. Svein Mykkeltvedt frå sogelagstyret forhandla avtale med Prenteverket og har fulgt opp produksjonen til ferdig produkt som kom i november, i alt 400 stk. bøker. Boka til sal for medlemar kr. 400,- ikkje medlemar kr. 500,-

Det skal trass alt løna seg å vera medlem.

Knute Nelson-dagen på Kvilekvål.

Dagen vert som kjent skipa til anna kvart år. Styret har merka seg at frammøtet har stagnert og er noko prega av «gjengangarar». Styret fann difor tida inne til å vurdere alternativ. Det vart bestemt at tilskipinga ikkje skulle annonserast, men i staden spesialinvitera Evanger skule den 20. oktober. Det møtte 22 elevar og 4 lærarar, sogelagstyre og Arvid Herfindal som var guide og omvisar. Forsamlinga vart servert saft og Knute Nelson-bollar. Tilbakemeldingane frå deltakarane var positive.

Det er for gale at den oppveksande slekt i grenda ikkje kjenner bakgrunnen for bautasteinen framfor heradshuset. Og at vegen opp til Kvilekvål berre er ei avkøyrsløp på stamvegen.

Sommar/sogelagstur. Som kjent kom det ikkje noko tilbud om tur i 2014. Med erfaring frå 2014 valte styret heller ikkje å tilby tur i 2015.

Men den 15. november baud sogelaget på hausttur til Krigsmuseet på Kløve, som David Gjøstein driv. Turen vart diverre avlyst grunna manglande interesse.

Sogeskriftet. «Frå fjell til fjord 2015» også i år ute i god tid før jul. Skriftnemnda gjer eit eineståande arbeid med å få tak i folk og henta fram forvitnelege soger.

Avisa Hordaland gav sogeskriftet omtale over heile 2 sider. Hovudtyngda var fokus på den mildt sagt utrulege saga som Arne Skjerven har skrive om Ole Olsen Skjerven frå Storevik som reiste verda rundt og bygde jernbanar. Men og anna innhald vart nemnt.

For å få sogeskriftet selt og distribuert ut til folket er det ingen som står på som Ottar Bergstad.

Sogeskriftkveld. Den 3. desember inviterte Voss bibliotek sogelaga i kommunen til sogeskriftkveld med presentasjon og sal av sogeskrifter. Sogelaget var representert med Øivind Teigen frå skriftnemnda og Arne Skjerven, forfattar av saga om Ole Olsen Skjerven frå Storevik.

«Førjolslaurdag». Den 5. desember var det invitert til «Førjolslaurdag» på Evanger. Sogelaget ved Knut Mestad tok del i arrangementet og selde sogeskrifter og den nytrykte Bolstadboka.

Tingstovekvelven på Bolstad. Som kjent er samvirkelaget på Bolstad selt og har fått ny eigar. Men sogelaget har tinglyst bruksrett til å nytta kvelven. Denne avtalen ynskjer sogelaget å forvalta vidare med ny eigar.

Evanger Landhandleri. Ove Bjørsvik, som mellom anna driv Granli og Evanger Landhandleri, ynskjer å starta opp med turist-bussturar frå Bergen til Evanger og «Vassvøre». Han har kontakta sogelaget med spørsmål om laget kan bidra på det kulturhistoriske området med f.eks. å fortelja turistane om det «genuine» Evanger, som for eksempel: om bygningsmassen i Knute Nelson-gata, brannen i 1923, BKK-kraftutbygginga og US senator Knute Nelson. Bjørsvik tilbyr ei godtgjersle på kr. 300 – 400,- per gong og høve til å selje sogeskrifter til turistane. Total tidsbruk ca. 1 time. Tilhald i heradshuset med føredrag.

Sogelaget har sagt seg villig til å prøva og har engasjert Arvid Herfindal.

Utsendingar. Øivind og Guri Teigen møtte som utsendingar frå sogelaget til årsmøtet i Hordaland soelag i Norheimsund i regi av Kvam soge og kulturminnelag på Sandven Hotel 5. og 6. mars 2016.

Evanger skule. Sogelaget ynskjer å vera ein positiv bdragsytar og støttespelar. Laget stiller velvillig opp med sin kompetanse og hjelper til eller formidlar vidare.

Kåseri. Nils Nonås frå Statens vegvesen, helt kåseri med tittelen «Historiske bruer gjennom 200 år». Bruksempla han omtala vart synleggjorte med bilete-vising på stort lerret. Nonås fekk blom som takk for kåseriet.

Sogelagsbistand. Styret vert av og til kontakta av personar som ynskjer bistand/hjelp frå sogelaget med saker og ting som ligg langt utanfor virkeområdet til sogelaget. Styret gjer merksam på at laget skal fremje laget og ålmenta sine interesser og ikkje renovera og rehabilitera installasjonar og eigedom til enkeltpersonar.

Styrefunksjonar i Vassvøri sogelag 2015. Styret i sogelaget ynskjer å presisera. På konstituerande styremøte 20. mai 2015 vart fylgjande funksjonar fordelte:

Styreleiar: Grethe Finsrud Agerlie. Nestleiar: Kåre Olav Aldal. Kasserar: Svein Mykkeltvedt.

Styremedlem: Knut Mestad og skrifvar: Leif Akerlie.

Ein gjer merksam på at på baksida av sogeskriftet «Frå fjell til fjord 2015» står styremedlemmane namngjevne med funksjon. Der har det ved ein inkurie skjedd at Kåre Olav og Knut har vorte ombytte.

Takk for innsatsen:

Desse vart vist merksemd og tildelt kvar sin blom:

Skriftnemnda: Øivind Teigen, Per Eskeland, Knut Hjørnevik og Olav Edal.

Revisorane: Ivar Hernes og Karl Magne Bolstad.

Sogeskriftseljar: Ottar Bergstad.

Avtroppande nestleiar: Arvid Herfindal

Avtroppande valnemndleiar: Guri Teigen.

Årsmøtelyden vart traktert med kaffi og kakebakst.

Tal medlemar: 105

Styret i 2015 har vore:

Leiar:.....Grethe Finsrud Agerlie, valt for 1 år i 2015

Nestleiar.....Kåre Olav Aldal, valt for 2 år i 2014

Kasserar.....Svein Mykkeltvedt, valt for 2 år i 2014

Skrivar.....Leif Akerlie, valt for 2 år i 2015

Styremedlem.....Knut Mestad, valt for 2 år i 2015

Varamedlem.....Kjellaug Århus, valt for 1 år i 2015

Varamedlem.....Kåre Tufte, valt for 1 år i 2015

Valnemnd.....Per Åge Bolstad, valt for 2 år i 2014 (leiar)

Valnemnd.....Ragna Lønøy Lien, valt for 3 år i 2014

Valnemnd.....Arvid Herfindal, valt for 3 år i 2015

Revisorar.....Ivar Hernes og Karl Magne Bolstad

Elje, 23. april 2016

Leif Akerlie
-skrifvar-

Styrefunksjonar i Vassvøri sogelag 2015. Styret i sogelaget ynskjer å presisera. På konstituerande styremøte 20. mai 2015 vart fylgjande funksjonar fordelte:

Styreleiar: Grethe Finsrud Agerlie. Nestleiar: Kåre Olav Aldal. Kasserar: Svein Mykkeltvedt.

Styremedlem: Knut Mestad og skrivar: Leif Akerlie.

Ein gjer merksam på at på baksida av sokeskriftet «Frå fjell til fjord 2015» står styremedlemane namngjevne med funksjon. Der har det ved ein inkurie skjedd at Kåre Olav og Knut har vorte ombytte.

Takk for innsatsen:

Desse vart vist merksemd og tildelt kvar sin blom:

Skriftnemnda: Øivind Teigen, Per Eskeland, Knut Hjørnevik og Olav Edal.

Revisorane: Ivar Hernes og Karl Magne Bolstad.

Sokeskriftseljar: Ottar Bergstad.

Avtroppande nestleiar: Arvid Herfindal

Avtroppande valnemndleiar: Guri Teigen.

Årsmøtelyden vart traktert med kaffi og kakebakst.

Tal medlemar: 105

Styret i 2015 har vore:

Leiar:.....Grethe Finsrud Agerlie, valt for 1 år i 2015

Nestleiar.....Kåre Olav Aldal, valt for 2 år i 2014

Kasserar.....Svein Mykkeltvedt, valt for 2 år i 2014

Skrivar.....Leif Akerlie, valt for 2 år i 2015

Styremedlem.....Knut Mestad, valt for 2 år i 2015

Varamedlem.....Kjellaug Århus, valt for 1 år i 2015

Varamedlem.....Kåre Tufte, valt for 1 år i 2015

Valnemnd.....Per Åge Bolstad, valt for 2 år i 2014 (leiar)

Valnemnd.....Ragna Lønøy Lien, valt for 3 år i 2014

Valnemnd.....Arvid Herfindal, valt for 3 år i 2015

Revisorar.....Ivar Hernes og Karl Magne Bolstad

Elje, 23. april 2016

Leif Akerlie
-skrivar-